

# Foreldreinfo februar 2022



SU/SMU møte 15.02. Du finn referatet [her](#)

## Skuleball

Ungdommene hadde ein flott kveld i stivpynta lokale. Takk til dykk føresette som stilte som vakter, Arne som stilte med lys/lyd og til dei vaksne på skulen som bidrog til suksessen. Her er eit flott 10.trinn sjølve kvelden:



## Samane sin nasjonaldag

Skulen har for vane å markera samane sin nasjonaldag 6.februar. I år trefte datoene på ein søndag, men klassane markerte likevel dagen. Her har 1.trinn laga stjerneluer som no pyntar klasserommet:



## LIKKRU BEIVVIIN

# ungdata

I løpet av veke 10-13 blir elevar frå 8.trinn tom. 3vgs inviterte til å delta i UngData undersøkinga i Noreg. Undersøkinga omhandlar korleis det er å vera ung i dag på ulike felt; skule, helsetilbod, fritidstilbod, heimesituasjon og psykisk helse/rus.

Kommunen bruker svara på undersøkinga til å evaluera tilboden og oppfølginga me gjer til ungdom i Bjerkreim. Sjå [nettsida](#) for meir detaljar og informasjonsskriv frå OsloMet/Korus vest som administrerer undersøkinga.

## Informasjon om klagerett på standpunkturdering

På Vikeså set me standpunktcharakter i mat og helse på 9.trinn, alle andre fag på 10.trinn. Her finn de føresette [informasjon om klageretten](#) heimane har på karakterane.

## Bokstavfest 1.trinn

1.trinn har feira at dei har vore gjennom alle bokstavane i alfabetet med ein flott bokstavfest. Dei hadde bokstavjakt, og laga ord av bokstavkjeks som dei fekk spisa etterpå. Alle elevane fekk ta med seg ein kosedyrgjest, som var introdusert for klassen, før dei dansa til bokstavsangen saman med kosedyra. Gildt å markera slike milepælar!



## Revy

På grunn av høgt fråver, både blant elevar og tilsette har me sett oss nødt til å utsetta revyen til nærmare påske. Ny dato er torsdag 07.04.2022. Håper alle elevane på 8.-10.trinn set av denne kvelden til å sjå lærarar i ny drakt!

## Ny SFO-leiar

Marlen Gilje har fått tilbod om og takka ja til å starta hos oss som SFO-leiar frå 1.august av. Me har hatt ein fantastisk vikar i Siw Slettebø, og takkar henne for at ho har hatt hand om eit godt tilbod medan me fekk på plass ei meir permanent løysing. Marlen kjem frå mange år i barnehagefeltet, og vil ha fokus på leik, medvirkning, friluftsliv og eit godt samarbeid med heimane. Velkommen til oss Marlen!

Grunna vinterferien kjem månadsbrevet litt seinare enn vanleg.

Februar er ein travel månad i skuleverden, sjølv utan Korona. Me planlegg for neste skuleår, kontaktlærarkabalen skal leggast, og ledige stillingar lysast ut. I år har me ledige stillingar både som lærar og miljøretteleiar, og fleire gode søkerar på begge deler. I tillegg har me fått tilsett ny leiar for SFO på skulen.

Me håper alle har hatt ein god og avslappande ferie og ønsker velkommen tilbake på skulen den 07.mars.



Mvh  
Svanhild Gjedrem  
rektor